

Invitasjon til kunstnarar – utsmykking på Hyen skule

Gloppen kommune inviterer kunstnarar i Vestland som vil bidra til utsmykking av den nye skulen i Hyen til å melde si interesse. Val av kunstnar vil bli plukka ut basert på beskrivelse og arbeid som ein kan vise til ein har gjort tidlegare.

1. Kort om Hyen skule:

Skulen er under bygging i dag, og er planlagt ferdig 1. juni 2025. Kunstnaren som vert engasjert, vil kunne jobbe med kunstutsmykking parallelt med byggeprosjektet. Det gir kunstnaren god anledning til å besøke og sjå rommet og arealet som skal utsmykkast, og som på ein god måte kan gje inspirasjon til kunstutsmykkinga.

2. Medverknad:

Det er vektlagt at born og unge skal få komme med tankar og innspel til kunstnaren si utforming, og få kunnskap om kva som ligg bak det ferdige kunstprosjektet. Kunstnaren vil ha mulegheit for involvering av born og unge som i dag går på Hyen skule.

3. Ramme for kunstprosjektet:

Det er sett av **inntil kr 500 000** til kunstnaren som blir engasjert. Dette skal dekke alle kostnader med kunstprosjektet – kunstnarisk arbeid, material, montering, reise, møte og medverknad.

4. Skildring av kunstprosjektet:

Kunstkomitéen har valt å bregrense kunstprosjektet til eit arealet som er innvendig. Ved inngangspartiet i første etasje er det eit fleirbruksareal/foajé, bord og stoler, og opa løysing med trapp opp til 2. etasje der det også er tilrettelagt som møteplass. Dette rommet som går over to etasjar, er i prosjektet kalla «Hjerterommet». Her er det ein vegg som kan utsmykkast med bilde eller kunst rett på vegg, og det vil også vere muleg med installasjonar som heng ned frå tak og eventuelt bruke trappa.

5. Søknadsfrist: 18. oktober 2024 kl 14. Send søknad på epost til: postmottak@gloppen.kommune.no. Merk eposten med: Kunst Hyen skule.

6. Kva skal følgje med søknaden:

- A. Beskrivelse: ein kortfatta tekst som grunnleggjv kvifor vi skal velje din kunstnariske praksis og kompetanse til utsmykking av Hyen skule (maks 1500 tegn)
- B. Ein samla PDF (maks 8 sider) med bilete av relevant kunstnarisk praksis/verk med materiale, format og produksjonsår. PDF'en bør ikkje overstige 5 MB.
- C. Bio/CV og Artist Statement, med lenke til eventuell nettside

Det er ikkje forventingar om konkrete forslag i denne omgang. Kunstnar får heller ikkje betalt for å levere inn søknad, og val av kunstnar vert gjort av kunstkomitéen utifrå tidlegare prosjekt/arbeid.

7. Val av kunstnar: Kunstkomitéen for Hyen skule vil gjere val av kunstnar utifrå ei skjønns-
messig vurdering.

Kunstkomitéen består av:

- Kunstnarrepresentant frå BKSF/NKVN
- Ståle Fitje – representant i Gloppen kunstforum
- Kristin Sælen – representant i Gloppen kunstforum
- Odd Arne Kolseth – prosjektleiar Hyen skule
- Birte Fossheim – kultursjef Gloppen kommune
- Anne Kristin Risøy Eimhjellen – rektor Hyen skule

8. Har du spørsmål?

Eventuelle spørsmål om søknadsprosessen kan rettast til:

- Odd Arne Kolseth – prosjektleiar Hyen skule
odd.arne.kolseth@gloppen.kommune.no
- Birte Fossheim – kultursjef Gloppen kommune
birte.fossheim@gloppen.kommune.no

9. Atterhald: Gloppen kommune vil forbehalde seg retten til å gå ei ny runde dersom vi ikkje
finn kunstnar vi ønskjer å samarbeide med basert på denne invitasjonsrunda.

10. Teikningar av «Hjerterommet» og den nye skulen



Nye Hyen skule



Titelbladet: Gloppen kommune	Prosjekt: 6292	Bygning: A26-101	Fase: Prosjekteringsgrunnlag	Dato: 14.08.2024	Rev: 1:149,25 / A3
Tittel: Nye Hyen skule		Bygningstittel: Aksonometri 1. Etasje		OLA ROALD	

1 etasje Hyen skule



Titelbladet: Gloppen kommune	Prosjekt: 6292	Bygning: A26-102	Fase: Prosjekteringsgrunnlag	Dato: 14.08.2024	Rev: 1:136,98 / A3
Tittel: Nye Hyen skule		Bygningstittel: Aksonometri 2. Etasje		OLA ROALD	

2 etasje Hyen skule



Snitt av Hjerterommet

Sandane 18.09.2024

Birte Kjørvik Fossheim

Kultursjef | mob 924 77 248 |

Gloppen kommune

Grandavegen 9, Sandane | Heradshuset

www.gloppen.kommune.no



Ein rikare kvardag - midt i verda